

## REGULERINGSVEDTEKTER.

### REGULERINGSPLAN FOR DEL AV EIDSVÅG GNR. 3, BNR. 1 I SVEIO KOMMUNE.

#### 1. GENERELT.

§ 1 Innafor det regulerte området skal arealbruken vera som vist på reguleringskartet, tegning nr. 97.83.01, datert 29.12.1997.

Arealet er regulert som følgjer:

BYGGJEOMRÅDER.  
FELLESOMRÅDER..  
FRIOMRÅDER.

#### 2. BYGGJEOMRÅDER.

§ 2 I byggjeområdet kan det berre førast opp hytter og naust.

§ 3 Hyttetomtene er avmerka på kartet og skal kunne fråskiljast med eige bruksnummer. Hyttene kan berre førast opp i ein etasje og med ei grunnflate på max 90 m<sup>2</sup>. Hyttene skal ha saltak.

§ 4 I området merka naust/båtopplagsplass kan det berre byggjast naust til tilhøyrande bryggjer og anlegg for båtplasser. Eigarane av hyttetomtene i feltet skal ha førsterett til leige av båtplass og naust. Naust/bryggjer må ikkje plasserast slik at dei kan hindra etablering av akvakulturanlegg i nærleiken. Tiltak i sjø som fell inn under hamne- og farvannsloven skal godkjennast av Kystverket.

#### 3. FELLESOMRÅDER.

§ 5 Terrenget innanfor siktlinjene skal til ei kvar tid vera ryddige for hindringar høgare enn 0,5 m over køyrebanen. I samband med framføring av vegar må det gjerast minst mogleg inngrep i terrenget. Eventuelle fyllingar må få ei god landskapspleie. Bruksretten er forpliktande når det gjeld vedlikehaldet. Dette gjeld også vedlikehaldet av tilkomstvegen frå Bjørgenvegen.

§ 6 Fellesområdet er felles for eigarane av gnr. 3, bnr. 1 og parsellar som vert frådelte gnr. 3, bnr. 1.

§ 7 Området skal liggja ubebygd. Det kan likevel leggjast ledningsnett for vatn- og avløp og dette er eit felles ansvar når det gjeld drift og vedlikehald.

4. FRIOMRÅDE.

§ 8 Området skal liggja ubebygd. Det kan likevel leggjast ledningsnett for vatn- og avløp og dette er eit felles ansvar når det gjeld drift og vedlikehald. Det same gjeld brønnenlegg/pumpehus og dessutan slamavskiljar og avløpsledning. Pumpehus og slamavskiljar kan byggjast i friområde.

5. SAMS FØRESEGNER.

§ 9 Eksisterande vegetasjon i planområdet bør vernast så langt som råd er.

§ 10 Ved handsaming av byggjesaker skal bygningsrådet sjå til at bygningane får ei god form og at det er brukt kvalitetsmessige gode materialer, og bygningane blir tilpassa terrenget.

§ 11 Der serlege grunnar talar for det, kan bygningsrådet innanfor ramma av bygningslova og bygningsvedtektene gjera mindre vesentlege unntak frå planen og reguleiringsføresegnene.

5520 Sveio, den 29. desember 1997.

Revidert 15. mai 1998	I
Revidert 10. okt. 1998	II